

BYGGE HUS (T & M: Tore Thomassen)

**1. Ein mann vil byggje hus (2x)
Han byggjer det på fjell (2x)
Så kjem det regn og storm (2x)
Huset står allikevel (2x)
Huset står allikevel.**

**2. Ein mann vil byggje hus (2x)
Han byggjer det på sand (2x)
Så kjem det regn og storm (2x)
Huset rasar, stakkars mann (2x)
Huset rasar, stakkars mann.**

**3. Hjelp oss å byggje hus (2x)
Som toler all slags vêr (2x)
Der alle kan få plass (2x)
Og vere trygge saman der (2x)
Vere trygge saman der.**

FOR EIN HERLEG DAG

T: Trad. Amer / O&M: Ivar Skippervold

Refr: For ein herleg dag!
Takk gode Gud for veret!
For ein herleg dag!
Eg lever han for deg.
For ein herleg dag!
Og alt blir berre betre,
dess meire eg ser
av alt det du gjev til meg.

1. Takk for eng med blomeprakt!
Takk for alt som du har skapt!
Takk for sommarvinden som er varm! Takk
for haust og takk for vår!
Vi får hauste der vi sår.
Takk for dagen som du gjev i dag! *Refr.*

2. Takk for kulde, snø og vind!
Takk for regnet mot mitt kinn!
Takk for vinterdagen kald og klar!
Takk for haust og takk for vår!
Vi får hauste der vi sår.
Takk for dagen som du gjev i dag. *Refr.*

Takk for den dagen T&M:Bjarte Leithaug

Kjære Gud, eg har så lyst å sei deg,
at eg er glad for alt som eg har fått.
For eg veit at mange born i verda
ikkje får ha det trygt og godt.

**Refr: Takk for den dagen som eg har fått.
Takk for alt godt, både stort og smått.
Takk for dei gode vener.
Takk for all kjærleik god.
Takk for at eg kan eta meg mett.
Takk for ei seng når eg er trøytt.
Takk for at sola skin og litt for at det regnar òg.**

Det er ikkje like lett å hugse,
og takke fint for alt som livet gir.
Lær meg Gud, å vera meir takknemleg,
for livet sjølv er gáva di.

Refr: Takk for den dagen...

Vi må være med T & M: Bjarne Leithaug

Det er sant at overalt på jorden vår
fins det barn som lider og som ikke får
det som de må ha av mat og klær hver dag.
Slik virker urettferdigheten.

Refr: :/Vi må være med/:
:/Vi kan skape fred/:
:/Vi kan tenne et håp/:
:/Om rettferdighet/:
:/Å-å-å-å. Vi må alle dele /:

Vi er heldige som bor i dette land.
Vi har mat og klær og masse deilig vann.
Så tro at det går an å dele, alle mann!
Å stoppe urettferdigheten!

Refr: :/Vi må være med..
(Mellomspel/ instrumental 8 takter)

Refr: :/Vi må være med/:
:/Vi kan skape fred/:
:/Vi kan tenne et håp/:
:/Om rettferdighet/:
:/Å-å-å-å. Vi må alle dele /:
:/Å-å-å-å. Vi må alle dele /:

